

Kvartalsrapport

1-2010



SpareBank  
HALLINGDAL



# Kommentarar 1. kvartal 2010

## Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. I tillegg eig banken 85% av aksjane i EiendomsMegler 1 Geilo AS.

Banken eig 5,9% av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,5% i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS, som er felleskontrollerte verksemdar eigd av 16 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS. Resultatandelen frå dei felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Banken sin del av resultatet i felleskontrollerte verksemdar utgjer 4,4 mill. kroner. Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, og samla verknad på konsernresultatet er ca. 0,8 mill. kroner.

## Morbanken

### Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1. kvartal på 9,4 mill. kroner som tilsvarar 0,67% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjor var 3,4 mill. kroner.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 25,8 mill. kroner mot 22,9 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1. kvartal på 1,86%. På same tid i fjor var rentenettoen 1,60%, som i stor grad var eit resultat av rask rentenedgang og at banken hadde god likviditet som gav mindre avkastning. Å liggje med god likviditet var ein bevisst strategi gjennom finanskrisa hausten og vinteren 2008/2009.

Rentenettoen må etter kvart sjåast i samanheng med provisjonsinntekter frå SpareBank 1 Boligkreditt AS. Ved utgangen av 1. kvartal hadde banken overført 544,2 mill. kroner i bustadlån til Boligkreditt. Inntektene frå overførte lån blir ført som provisjonsinntekter og utgjer 1,0 mill. kroner hittil i år. Dette tilsvarar 0,07% av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Netto andre driftsinntekter utgjer 12,1 mill. kroner mot 6,7 mill. i same periode i fjor. Inntektsauken kjem i hovudsak frå ei positiv verdiutvikling på verdipapir, spesielt aksjar. I 1. kvartal i fjor skreiv banken framleis ned verdien på aksjeporteføljen pga. verdifallet som nådde botnen i mars-09. Provisjonsinntektene har framleis ein fin vekst, men ca. halvparten av den samla veksten på 1,0 mill. frå i fjor kjem som auka provisjonsinntekter frå Boligkreditt som kommentert ovanfor.

Driftskostnadane viser ein reduksjon frå 22,5 til 22,2 mill. kroner og er om lag som venta. Banken har dei 2 siste åra hatt eit spesielt kostnadsfokus, og prøver å halde kostnadsnivået nede. Den største reduksjonen kjem frå husleige til dotterselskapa som eig eigedomane banken driv si verksemd i. Eit lågare rentenivå enn på same tid i fjor, gjer at husleiga går ned då den i stor grad blir bestemt ut frå rentenivået. Ordinær løn har ein auke på 4,5% eller 0,3 mill. i høve til same periode i fjor. Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 3,1 mill. kroner, og er noko høgare enn forventa. Det er spesielt eit engasjement som har ei hending som krev ei individuell nedskriving. Andre tapspostar er små.

Kvartalsresultatet er tilfredsstillande sett i lys av forventningane som er innbakt i årets budsjett. Det er ingen område som har store avvik i høve til budsjettforventningane.

## Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 5.580 mill. kroner. Forvaltningskapitalen er redusert med 3,2% siste 12 månader. Frå årsskiftet er den redusert med 2,0%.

Hovudårsaka til nedgangen er mindre utlån i balansen, samt noko mindre innskot i andre bankar.

Utlånsvolumet viser ein beskjeden vekst. Totale utlån ved utgangen av 1. kvartal er 4.794 mill. kroner, noko som er 103 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i % er veksten 2,2% siste 12 månader. I bedriftsmarknaden har banken ein nedgang på 8,6% omrekna til årsverknad, medan personmarknaden har ein vekst på 6,4% siste 12 månader. Reknar ein med overførte lån til boligkreditt, er auken i privatmarknaden siste 12 månader 14,0%. Samla utlånsvest siste 12 månader inkludert overførte lån til Boligkreditt er 8,2%. Banken si relative eksponering mot bedriftsmarknaden er 39,5% av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 60,5%.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 1. kvartal 55,3 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,15% av brutto utlån. Samla nedskrivingar for verdifall på utlån utgjer 29,1 mill. kroner per 1. kvartal og er ein auke på 3,1 mill. kroner frå årsskiftet. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 314,3 mill. kroner (sertifikat, obligasjonar, aksjar som inngår i handelsporteføljen). Av dette utgjer sertifikat og obligasjonar 277,8 mill. kroner. Norske og utanlandske aksjar er bokført til 36,5 mill. Aksjar av strategisk karakter og aksjar/andelar i dotterselskap utgjer 119,8 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 3.519 mill. kroner, og er ein auke på 204 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er innskotsveksten siste året på 6,15%. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 73,4% mot 70,7% på same tid i fjor.

Banken har per 1. kvartal til saman 1.242 mill. kroner i eksterne lån, 5 obligasjonslån på til saman 850 mill. kroner, 3 banklån på til saman 292 mill. kroner og eit F-lån i Norges Bank på 100 mill. kroner. Av desse låna har 715 mill. kroner løpetid på over eit år. Banken har 150 mill. kroner i kommitterte trekrettar med løpetid til januar 2011 og august 2012. I tillegg kjem oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 17,0% ved utgangen av 1. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

## Framtidsutsikter

Resultatet så langt i år indikerer at banken vil nå eit årsresultat som er klart betre enn i 2009 ut i frå følgjande tilhøve:

Banken held fram med å justere rentene med forventa positiv effekt på rentenettoen. Rente vil etter kvart koma opp på eit nivå der marginane kan aukast noko i høve til det låge rentenivået me har sett dei siste 15 månadane.

Det er eit mål at banken i løpet av året skal innføre eit system for betre prising av risiko på engasjement overfor næringslivet. Dette vil gje eit meir rettferdig prissystem som prisar den risikoen banken tek på ein korrekt måte.

Kostnadane har hatt fokus i 2009 og det held fram i år. Det er lagt opp til at kostnadane i 2010 skal liggje på 2009-nivå. Likevel er det mykje usikkerheit knytt til eit relativt lågare aktivitetsnivå i sentrale bransjar i banken sitt marknadsområde. Dersom dette held fram, vil investeringsviljen i næringslivet bli lågare enn venta, dermed kunne føre til auka misleghald og tap.

Hallingdal, 31.03.10/10.05.10

Kjell Vidar Bergo    Ragnhild Kvernberg    Kjell R. Kristiansen  
Formann                      Nestformann

Sissel Bjørøen    Vidar Isungset    Mikael Fønhus    Kristin Ourom

## Resultatrekneskap 1. kvartal 2010 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN				
Året 09	1. kv. 09	1. kv. 10	31.03.09	31.03.10		31.03.10	31.03.09	1. kv. 10	1. kv. 09	Året 09
250 015	75 984	55 237	75 984	55 237	Renteinntekter og liknande inntekter	54 669	75 063	54 669	75 063	247 068
149 588	53 053	29 402	53 053	29 402	Rentekostnader og liknande kostnader	29 411	53 079	29 411	53 079	149 412
<b>100 427</b>	<b>22 931</b>	<b>25 835</b>	<b>22 931</b>	<b>25 835</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>25 258</b>	<b>21 984</b>	<b>25 258</b>	<b>21 984</b>	<b>97 656</b>
7 968	555	1 319	555	1 319	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	5 268	3 525	5 268	3 525	26 527
36 398	8 122	9 149	8 122	9 149	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	9 149	8 122	9 149	8 122	43 324
1 893	434	448	434	448	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	448	434	448	434	1 885
7 130	-2 493	1 411	-2 493	1 411	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	1 411	-2 493	1 411	-2 493	7 130
2 159	923	712	923	712	Andre driftsinntekter	5 565	4 381	5 565	4 381	10 847
<b>51 762</b>	<b>6 673</b>	<b>12 142</b>	<b>6 673</b>	<b>12 142</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>20 945</b>	<b>13 101</b>	<b>20 945</b>	<b>13 101</b>	<b>85 943</b>
<b>152 189</b>	<b>29 604</b>	<b>37 977</b>	<b>29 604</b>	<b>37 977</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>46 203</b>	<b>35 085</b>	<b>46 203</b>	<b>35 085</b>	<b>183 599</b>
69 520	17 209	17 822	17 209	17 822	Løn og generelle administrasjonskostnader	21 087	19 625	21 087	19 625	78 938
1 652	375	425	375	425	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	1 763	1 672	1 763	1 672	7 020
19 936	4 919	3 914	4 919	3 914	Andre driftskostnader	2 824	3 405	2 824	3 405	16 612
<b>91 108</b>	<b>22 503</b>	<b>22 160</b>	<b>22 503</b>	<b>22 160</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>25 674</b>	<b>24 702</b>	<b>25 674</b>	<b>24 702</b>	<b>102 570</b>
<b>61 081</b>	<b>7 101</b>	<b>15 817</b>	<b>7 101</b>	<b>15 817</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>20 529</b>	<b>10 383</b>	<b>20 529</b>	<b>10 383</b>	<b>81 029</b>
6 661	2 626	3 133	2 626	3 133	Tap på utlån, garantiar mv	3 133	2 626	3 133	2 626	6 661
					Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt					
<b>54 420</b>	<b>4 475</b>	<b>12 684</b>	<b>4 475</b>	<b>12 684</b>	<b>Resultat etter tap</b>	<b>17 396</b>	<b>7 757</b>	<b>17 396</b>	<b>7 757</b>	<b>74 368</b>
15 214	1 100	3 300	1 100	3 300	Skatt på ordinært resultat	3 592	1 265	3 592	1 265	15 933
<b>39 206</b>	<b>3 375</b>	<b>9 384</b>	<b>3 375</b>	<b>9 384</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>13 804</b>	<b>6 492</b>	<b>13 804</b>	<b>6 492</b>	<b>58 435</b>
					Minoritetens andel	57	6	57	6	33
<b>39 206</b>	<b>3 375</b>	<b>9 384</b>	<b>3 375</b>	<b>9 384</b>	<b>Resultat</b>	<b>13 747</b>	<b>6 486</b>	<b>13 747</b>	<b>6 486</b>	<b>58 402</b>

## Nøkkeltal

	MORBANK			
	1. kv. 10	1. kv. 09	Året 09	Norm 09
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,86	1,60	1,76	1,80
Driftskostnader i % av driftsinntekter	58,35	76,01	59,87	54,39
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,59	1,57	1,59	1,41
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	7,14	2,59	7,65	11,76
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	5,28	1,95	5,51	8,90
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,07	0,06	0,14	0,30
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	2,19	2,28	5,45	2,47
Innskotsvekst siste 12 mndr.	6,15	18,51	7,13	4,69
Innskot i % av brutto utlån	73,40	70,66	72,18	71,50
Auke i forvaltn.kapitalen siste 12 mndr.	-3,16	10,68	-2,53	4,53
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital	711 070	677 656	711 455	
Kapitaldekning	17,00	17,08	17,00	15,96
Eigenkapitalprosent	13,05	11,93	12,62	8,56
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,61	0,61	0,54	0,86
Berekn.grunnlag i % av forvaltningskapital	74,95	64,83	73,42	71,60

## Balanse per 31. mars 2010 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.09	31.03.09	31.03.10	EIGEDELAR	31.03.10	31.03.09	31.12.09
37 803	129 443	24 749	Kontantar og fordringar på sentralbankar	24 749	129 443	37 803
357 107	535 942	282 098	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	282 589	535 942	357 154
4 867 279	4 691 482	4 794 094	Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 711 668	4 589 157	4 783 063
-9 135	-7 338	-12 274	- Individuelle nedskrivningar	-12 274	-7 338	-9 135
-16 900	-21 200	-16 900	- Gruppevise nedskrivningar	-16 900	-21 200	-16 900
4 841 244	4 662 943	4 764 920	Netto utlån til og fordringar på kundar	4 682 494	4 560 619	4 757 028
263 805	246 846	277 850	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	277 850	246 846	263 805
79 790	51 865	81 467	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	82 560	52 863	80 882
48 761	48 761	51 199	Eigarinteresser i tilknytt selskap	92 142	69 156	86 233
23 217	22 693	23 631	Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
1 230	298	1 230	Immatrielle eigedelar	13 607	14 375	13 937
10 120	9 230	10 153	Varige driftsmidlar	103 071	102 371	100 401
6 147	16 602	30 426	Andre eigedelar	30 426	16 603	6 147
27 056	37 163	32 257	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	38 365	43 276	34 692
<b>5 696 280</b>	<b>5 761 788</b>	<b>5 579 980</b>	<b>Sum eigedelar</b>	<b>5 627 853</b>	<b>5 771 494</b>	<b>5 738 082</b>
			<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
392 000	392 000	392 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	392 619	390 577	392 908
3 513 281	3 314 871	3 518 873	Innskot frå og gjeld til kundar	3 516 155	3 296 100	3 507 248
1 014 603	1 289 617	849 156	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	849 156	1 289 617	1 014 603
24 962	17 272	40 970	Anna gjeld	44 654	20 978	30 250
16 900	46 441	35 447	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	36 493	47 942	16 900
15 407	14 431	15 407	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	20 331	19 412	20 256
<b>4 977 153</b>	<b>5 074 632</b>	<b>4 851 854</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b>4 859 408</b>	<b>5 064 626</b>	<b>4 982 165</b>
0	0	0	Minoritetsinteresser	294	210	237
0	0	0	Fond for vurderingsforskjellar	46 427	20 395	37 472
704 905	675 500	704 905	Annan eigenkapital	-7 154	-1 321	-919
14 222	8 281	13 837	Sparebanken sitt fond	704 848	675 499	704 905
0	3 375	9 384	Gåvefond	13 837	8 281	14 222
<b>719 127</b>	<b>687 156</b>	<b>728 126</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>768 151</b>	<b>706 658</b>	<b>755 680</b>
<b>5 696 280</b>	<b>5 761 788</b>	<b>5 579 980</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>5 627 853</b>	<b>5 771 494</b>	<b>5 738 082</b>
			<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>			
626 080	604 239	619 396	Betinga forpliktingar	619 396	604 239	626 080

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	1. kv. 10	1. kv. 09	Året 09
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>			
Brutto misleghaldne lån	55 271	103 926	62 997
- individuelle nedskrivning	7 354	4 861	3 704
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>47 917</b>	<b>99 065</b>	<b>59 293</b>
<b>IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING</b>			
Brutto utlån	58 979	14 687	62 290
- individuelle nedskrivning	5 395	1 191	6 000
<b>NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.</b>	<b>53 584</b>	<b>13 496</b>	<b>56 290</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR</b>			
Endring gruppe nedskrivning	0	2 000	-2 300
Endring individuell nedskrivning	3 204	136	2 697
Konstatert tap i perioden	0	498	6 389
Inngått på tidl.konst. tap	-71	-8	-125
<b>TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)</b>	<b>3 133</b>	<b>2 626</b>	<b>6 661</b>

Telefon 03202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretaksregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Ål  
Postboks 173  
3571 Ål  
Gol  
Postboks 33  
3551 Gol

Hemsedal  
Postboks 23  
3561 Hemsedal  
Valdres  
Postboks 183  
2901 Fagernes

**SpareBank**  
HALLINGDAL

